



Preses Olav Fykse Tveit:

Helsing til Kristin Gunleiksrud Raaum i samband med tildeling av St Olavs Orden, Riddar av 1. klasse.

Kirkens Hus, 20. mars, 2024.

Kjære Kristin Gunleiksrud Raaum,

På vegner av Den norske kyrkja har eg den ære og udelte glede å gratulere deg med denne heider som du vert deg til del i dag. Du får svært velfortent den kongelege St Olavs orden for din samfunnsnyttige innsats. At HM Kongen gir deg denne heider blir på ein måte eit uttrykk for at heile Noreg stiller seg bak denne heider deg. At heile kyrkja gjer det, trur eg du opplever på fleire måtar.

Sett frå kyrkjas side er det ikkje minst gjevt at det er den samfunnsnyttige innsats i kyrkja, for kyrkja - og saman med kyrkja som vert verdsatt på denne måten. Du har gjort at mange er meir glade i kyrkja. Du har vist at ho er både open og innhaldsrik, og at kyrkja har skattar som ikkje må støve ned eller vere bak lukka dører, men som nettopp vert meir verdifulle når kyrkja er open. Dei vert meir verdifulle og viktige for både kyrkja og samfunnet, og ikkje minst for den enkelte.

Du har på din eigne måte engasjert deg i dei store og viktige saker i desse opningane: I samarbeidet mellom skule og kyrkje. I alt det som gjeld forholdet mellom kultur og kyrkje. I Bibeltekstane sin plass i felles kunnskap og kultur - og i kyrkja. Og så ikkje minst: Gjennom stor og intens innsats i dei kyrkjelege styringsorgana, i Kyrkjeråd og Kyrkjemøte, der du har arbeidd hardt for at kyrkja skal vere open som heilag rom, som fellesskap og som arbeidsplass, uansett kven ein er og kven ein er glad i, der vi kan vere med ulike meiningar og tankar. I dette engasjementet har du ikkje spart deg sjølv, men har vore og er ein tydeleg leiar med klare mål og budskap.

Du går inn i ei rekkje av «kristne strategar» av leke kyrkjelege leiarar i vår kyrkjes historie, som gjennom kompetanse, engasjement og stor innsats har vist kor viktig og nødvendige denne type leiarskap er for Den norske kyrkja. Du er mellom dei som har sett store og varige spor, og fører vidare sterke impulsar frå menneske som Per Voksø og Sigrun Møgedal, for å nemne nokon.

Du er også ein kultur-personlegdom. Eg hadde berre høyrte og lest om deg - i mange år - før vi fekk høve til å samarbeide slik vi har gjort dei siste åra. Det første eg hugsar eg tenkte om deg, var at du på ein heilt spesiell måte fekk fram det store og spanande i den kristne tradisjonen, og ikkje minst i kunst- og kultur. Du fekk fram at kyrkja er ein del av eit samfunn og ein kultur. Også i vår tid. Du er moderne på mange vis i all di interesse for historie og gamle tekstar. Eg kjente at eg var stolt av at du var ein del av det kyrkjelege arbeidslaget.

Når egn emner deg saman med andre personar, er det både for å seie noko om ditt format, men også for å vise det unike ved din innsats.

Ronald Fangen var gjennom sitt engasjement i kyrkjas kulturrolle også var med på å legge strategiar og byggje noko nytt. Han kunne formulere at «Guds menighet som jordens største», og bli omtalt av Eivind Berggrav slik: «ingen kunne bevege seg i de mondene kretser slik som han». Slik er det med deg også. Du har stil og kan vere til stades med stil overalt.

Så er det noko av Åsmund Olavsson Vinje i deg, noko heilt og dønn ærleg. Han såg retta og vranga på livsens vev samstundes. Du ser på ein heilt spesiell måte både innsida og utsida av kyrkja og trua på same tid. Det er til stor velsigning for både kyrkja og samfunnet.

I alt dette er du Kristin, og får heider som Kristin, og som Kristin håpar vi at du skal vere ein viktig medarbeidar i mange år framover.

Hjarteleg til lukke!